

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 04.03.2021
SAKSHANDSAMAR: Ola Jøsendal og Carina Paulsen Mæland
SAKA GJELD: **Regional handlingsplan sikkerheitspsykiatri 2021-2025**

ARKIVSAK: 2020/1130
STYRESAK: **021/21**

STYREMØTE: **24.03. 2021**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Vest RHF legg forslag til regional handlingsplan for sikkerheitspsykiatri til grunn for vidare utvikling av tenestene innan sikkerheitspsykiatrien.

Planen blir sendt helseføretaka til oppfølging.

Føretaka blir bedne om å legge fram ein plan for korleis målsettingane skal bli nådd, inkludert økonomi og budsjett.

Planen må følgjast opp i styringsdokumenta til helseføretaka.

Oppsummering

I Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023 blir det peika på at innan sikkerheitspsykiatrien er behov for å betre pasientforløpa, styrke tilbødet i spesialisthelsetenesta og kommunane, samt å etablere butilbod i kommunane i samarbeid med spesialisthelsetenesta.

Regional plan for sikkerheitspsykiatri blei hausten 2020 utarbeida av ei arbeidsgruppe med deltakarar frå regional brukarutval, tilsettere representantar, verneombod, representantar frå helseføretaka og Helse Vest RHF. Klinikkdirktørane i psykisk helsevern i helseføretaka har følgt arbeidet tett.

Arbeidet med planen peiker klart i retning av at fagområdet må styrkast, også med omsyn til ressursar.

I utkast til plan blir det presisert at styrking av lokale sikkerheitsavdelingar skal få høgast prioritet.

Handlingsplanen blei sendt på høring til regionalt brukarutval og til helseføretaka med frist for innspel 1. februar 2021.

Fakta

I Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023 blir det peika på at innan sikkerheitspsykiatrien er behov for å betre pasientforløpa, styrke tilbødet i spesialisthelsetenesta og kommunane, samt å etablere butilbod i kommunane i samarbeid med spesialisthelsetenesta.

Sikkerheitspsykiatrien er definert som eit fagområde innan spesialisthelsetenesta. Fagområdet er organisert for å ta hand om pasientar som har ein alvorleg psykisk sjukdom, og som representerer ein risiko for seg sjølv og/eller andre gjennom valdeleg åtferd. Dei sikkerheitspsykiatriske institusjonane har også ansvaret for domfelte frå justissektoren, som blir ilagt særreaksjonar (dom til tvungent psykisk helsevern). Fagområdet har einingar på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå.

Hausten 2019 blei det lagd fram ein rapport med status for sikkerheitspsykiatrien i Helse Vest.

På bakgrunn av rapporten bestemte Helse Vest RHF å utarbeide ein regional plan for sikkerheitspsykiatrien. Planen blei hausten 2020 utarbeida av ei arbeidsgruppe med deltakarar frå regional brukarutval, tilsettere representantar, verneombod, representantar frå helseføretaka og Helse Vest RHF. Klinikkdirktørane i psykisk helsevern i helseføretaka har følgt arbeidet tett.

Kommentarar

Handlingsplanen blei sendt på høring til regionalt brukarutval og til helseføretaka med frist for innspel 1. februar 2021.

Alle inviterte har gitt høyringsinnspel, sjå vedlagte dokument.

Høyringsinnspel er innarbeid i utkast til planen. Alle sluttar seg til planen, med nokre kommentarar og forslag til nye tiltak. Det er i nytt utkast teke omsyn til dei fleste innspela. Arbeidet med planen peiker klart i retning av at fagområdet må styrkast, også med omsyn til ressursar.

I utkast til plan blir det presisert at styrking av lokale sikkerheitsavdelingar skal få høgast prioritet.

Føreslåtte tiltak:

	Tiltak internt i regionen	Oppfølging/ ansvarleg	Frist
1	Helseføretaka legg fram plan for styrking av LSA (lokal sikkerheitsavdeling), i retning av ein kapasitet rundt fem lokale sikkerheitsplassar per 100 000 innbyggjar, inkludert rehabiliteringsplassar, ekskludert skjermingsplassar. Planen skal inkludere økonomi / budsjett, personell, kompetanse, bygg og uteareal	Lokalt helseføretak	31. august 2021
2	Helseføretaka skal gjennomgå og risikovurdere bemanning knytt til døgnpleie og behandlarkapasitet slik drifta er p.t.	Lokalt helseføretak	31. august 2021
3	Dei lokale helseføretaka tek initiativ gjennom helsefellesskapet for å planlegge og realisere gode pasientforløp for pasientgruppa	Helsefellesskapa	31. desember 2021
4	Utviding av skjermingskapasitet ved RSA frå to til fire plassar	Helse Vest RHF, Helse Bergen HF	31. desember 2022
5	Dei fire lokale helseføretaka i Helse Vest arbeider for å opprette eller utvikle vidare god poliklinisk og ambulant oppfølging av pasientar innan sikkerheitspsykiatrien. Det vil være ei føremøn om føretaka samarbeider om planlegging og gjennomføring.	Lokale helseføretak	1.juni 2022
6	Kompetansen til tilsette skal vere innretta slik at pasientane kan få trygg og god behandling, og dei tilsette skal ha trygge arbeidstilhøve	Lokalt helseføretak	31. desember 2022
7	Lokal sikkerheitsavdeling (LSA) skal vere organisert med ordinære plassar og rehabiliteringsplassar i kvart helseføretak, tilpassa tal innbyggjarar i føretaksområdet	Lokalt helseføretak	31. desember 2025

	Tiltak utanfor regionen	Oppfølging/ ansvarleg	Tidspunkt
8	Helse Vest RHF tek initiativ overfor andre RHF med siktemål om ei felles tilnærming til fornya vurdering av den nasjonale fageininga, også med tanke på kapasitet no og i åra framover.	Helse Vest RHF	31. desember 2021
9	Helse Vest RHF tek initiativ overfor andre RHF med tanke på utgreiing av ei nasjonal eining for sikkerheitspsykiatri for handsaming av særleg farlege pasientar, lagt til regional sikkerheitspost i Helse Sør-Øst.	Helse Vest RHF	31. desember 2021
10	Helse Vest fylgjer opp initiativet frå Helse Bergen HF om å opprette ei nasjonal sikkerheitspsykiatrisk eining for barn mellom 15 og 18 år, i nasjonale fora.	Helse Vest RHF	Pågår
11	Helse Vest RHF tek initiativ overfor departementet, gjerne koordinert med andre RHF, for å få vurdert endring eller tilpassing av lovverket	Helse Vest RHF	Pågår

Økonomi og budsjett

I regional plan for sikkerheitspsykiatri leggjast det fram felles målsettingar for fagområdet innan fleire tema: bygningsmasse, uteareal, tal plassar, personell og kompetanse.

Dei fire føretaka vil ha ulike utfordringar for å nå målsettingane innan dei ulike tema. RHF'et vil styrke fagområdet med inntil 20 mill. kroner i øyremerkta midlar i 2021, og ytterligere styrking i to til fire år for å bidra til at målsettingane kan bli nådd.

Det er ein føresetnad at også føretaka styrker fagområdet budsjettmessig. Føretaka blir bedne om å legge fram ein plan for korleis målsettingane skal bli nådd, inkludert økonomi og budsjett.

Fordeling av midlar vil bli gjort så snart føretaka har lagt fram endeleg plan og budsjett, eventuelt tidlegare gjennom preliminare planar eller forslag om konkrete tiltak som understøtter dei endelege målsettingane.

Helse Vest vil komme tilbake med nærmare konkretisering av framtidig budsjettføring i samband med ØLP og førebels inntektsfordeling 2022 i juni-møtet.

Konklusjon

Det blir tilrådd at utkast til plan blir lagt til grunn for vidare utvikling av sikkerheitspsykiatrien i Helse Vest.

Det blir føreslått at planen blir sendt helseføretaka til oppfølging. Føretaka blir bedne om å legge fram ein plan for korleis målsettingane skal bli nådd, inkludert økonomi og budsjett. Planen må følgjast opp i styringsdokumenta til helseføretaka.

Vedlegg:

1. Regional handlingsplan sikkerheitspsykiatri 2021-2025
2. Regional plan sikkerheitspsykiatri - Tiltak samla
3. Høyringsbrev - Regional handlingsplan for sikkerheitspsykiatri i Helse Vest
4. Høyringsvar frå Helse Førde HF
5. Høyringsvar frå Helse Bergen HF
6. Høyringsvar frå Helse Fonna HF
7. Høyringsvar frå Helse Stavanger HF
8. Høyringsvar frå Regionalt brukarutval